



Til
Kommunal- og regionaldepartementet (KRD)
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

Vår sakshandsamar: Hogne Haktorson
E-post:hogne.haktorson@post.hfk.no

Dykkar ref.: 11/1383-1 ERA

Vår ref:

Vår dato:16.09.2011

Høyringsnotat om endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)

Viser til høringsbrev frå departementet av 26. mai 2011, med forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.) Viser og til avklaring med KRD v/ seniorrådgjevar Martin Hill Oppegaard, om oversending av høyringssvar frå FKT 16.09.11.

I arbeidet med høyringsnotatet har KRD teke utgangspunkt i rapport med 85 tilrådingar, frå arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å føreslå tiltak for å styrkja eigenkontrollen i kommunar og fylkeskommunar. Dette vert vidare omtala som "arbeidsgruppa".

FKT deler i all hovudsak departementet sine vurderingar innafor dei problemstillingar som i størst grad vedrører kontrollutval, og stiller oss positiv til endringar det er kome forslag om.

Nokre unnatak og nokre presiseringar går fram av merknadene nedanfor:

Pkt. 2.2 – om sekretariat for kontrollutvalet.

FKT støttar dept. sitt forslag om endring (tillegg) i kontrollutvalsforskrifta § 20 tredje lekk.

Forøvrig viser me til notat frå FKT til arbeidsgruppe i KRD, med kartlegging av alle sekretariatsløysingar i Norge. Denne ligg på KRD si heimeside, med slik link:
<http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Egenkontroll/Sekretariatsordningar.pdf>
Det vert bede om at KRD, som del av denne høyringssaka, klargjer legitimiteten til øvrige sekretariat der det er stilt spørjeteikn ved om organiseringa er lovleg / tvilsam.

Pkt. 3.1 – om opne møte i kontrollutvalet.

FKT støttar forslaget om å oppheva kommunelova § 77 nr. 8, slik at møta i kontrollutvalet vert opne.

Ein bør likevel drøfta trøng for særskilte grunnar for å lukka møta.

Sekretariat:

FKT c/o Hordaland fylkeskommune
Sekretariat for kontrollutvalet
Pb. 7900, 5020 Bergen sekretariat.kuv@post.hfk.no

Telefon dir.: 55 23 94 53 / 55 23 94 47
Mobil: 911 05 982 / 97 50 51 52
Fax: 55239499

Heimeside: www.fkt.no
Bank: 0539 43 9047
Org. nr. 989 545 159

Pkt. 3.4 – om tilgong for kontrollutvalet i lukka møter i kommunestyret.

FKT støttar departementet sitt forslag om at kontrollutvalet har rett til å vera til stade i lukka møte i kommunen eller fylkeskommunen sine folkevalde organ.

Denne møteretten bør og omfatta utvalet sin sekretær og revisor.

Om kommunestyret eller fylkestinget skal kunna stenga kontrollutvalet ute frå lukka møter, bør det vera avgrensa til enkeltsaker.

Pkt. 5.1 – om krav til rapportering om internkontrollen i årsmeldinga.

Det er viktig å sikra at rådmannen sitt ansvar for å etablera og følgja opp internkontrollen vert ivareteken. FKT tilrår her at krav om årleg rapportering vert teke inn i forskrift om årsrekneskap og årsmelding.

Pkt. 6.2 – om kontrollutvalet sin rett til innsyn i selskap.

FKT meinar departementet bør vurdera å la statleg eigarskap koma på lik linje med kommunalt og statleg eigarskap, slik at kommunelova § 80 vert endra til også å gjelda for selskap der staten er inne på eigarsida..

Pkt. 6.3 – korvidt omgrepa om selskapskontroll bør klargjerast.

FKT viser til arbeidsgruppa sitt ønske om å få klargjort omgrepa innan selskapskontrollen. Det er lite tilfredsstillande at kontrollutval, sekretariat og revisjonseiningar har ulike oppfatningar om dette.

Om utsett offentleggjering av revisor sine rapportar.

Det vert synt til arbeidsgruppa si tilråding om utsett offentleggjering for revisor sine rapportar, til dei er motekne av kontrollutvalet (tilråding nr. 80). Dette er grunna i å sikra rettssikkerheten til den reviderte. FKT støttar arbeidsgruppa si tilråding, og viser til at tilsvarende praksis er etablert for Riksrevisjonen sin del.

Med helsing

Martin Engeset (s)
Styrelseiar

Hogne Haktorson

Kontrollsjef / dagleg leiar